



No er dette fotomotivet borte

Det maimotiv som toppar denne artikkelen og som har vore eit blikkfang i denne nettavisa i snart 7 år eksisterer ikkje lenger. Dei 3 gamle morelltrea på Neset er felt rett og slett fordi dei vart for gamle. Dermed skulle ein tro at den mangeårige diskusjonen om alderen på dei kunne rundast av, men slik er det ikkje. Det er ikkje enkelt å rekna årringar på eit morelltre!



Kor mange årringar vart det?

Det skuldast mellom anna at trea tildels er rotne innvendig og at voksteren har variert mykje opp gjennom åra. Men eitt haldepunkt har vi: Tor Myklebust, som runda 90 år for stutt tid sidan, sa for 2 år sidan at han ikkje kunne hugsa trea annleis. Og etter ei grovteljing av årringar blir den førebelse konklusjon at dei i alle fall vart 150 år! Nokon vil meine at sjølv det anslaget er for lågt.

Kva sort morelltre var det så tale om her? Dag Hermansen fortel at sorten heitte elton som er lyse kjøtmorellar. Og vi kan skrive under på at dei var like velsmakande også mot slutten av livet til trea.

Med det same vi er inne på historikk: Morellane kjem opprinneleg frå Kina der dei har vore dyrka i meir enn 4000 år. Her i landet starta morellhistoria på 1700-talet og sokneprest Atche planta dei aller første morelltre i Hardanger i dette århundret.

Seinare tok bonden Lars Larsson Bleie utviklinga eitt steg vidare ved å pøde trea og sidan har Hardangermorellane vorte ytterlegare perfektjonert og er ein eksportartikkel til mange land.

Uskedalsmorellane si historie veit vi mindre om, men det er sikkert nokon som veit noko?

Visste du forresten at treet i morelltre har eit så allsidig bruksområde? Ikke berre kan det nyttast til dreining, men også til møblar og musikkinstrument.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen